



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
55



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Bjørn Teigene
Visepres: Oskar Grimstad
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Harald Elias Teigene
Ansvarred.:
Referent: Johan Ole Brandal

Nu falder Sneen i tette lag

Nu falder Sneen i tætte Lag,
Og Drengen har ingen Hvile.
Det blev nok en Hoben Mile,
Hvad han kan løbe den hele Dag.

Her slæber han Gaarden af Sne-Blokke fuld,
Og former Soldater drøie;
Det volder ham Slid og Møie.
Han giver Soldaterne Øine af Kul.

Saa ruller han Sneen med al sin Kraft,
Mens Kæmperne staa der og kneise;
Han vil dem et Brystværn reise.
Til Landse han gi'r dem et Kosteskraft

Og nu er han færdig, og nu er han mat;
Hans Hænder er frosne og ømme.
For alle de stærke Drømme
Faar Drengen vist en urolig Nat.

Man hører ham juble, den lille Mand:
"Imorgen skal Slaget stande!"
Da løse sig Himlens Vande,
Og alle hans Kæmper blive til Vand.

Johan Sebastian Welhaven

Referat frå Rotarymøte 2. desember 2019.

Møtet tok til med at presidenten yngste velkomen.

Deretter var det som vanlig allsong, med songen ; Alt far min kunne gjera..

Deretter overrekte presidenten blomar til Egil Utgård, som nett hadde fylt 80 år.

Egil hadde med kaker til møtet, noko som vart sett stor pris på.

Det vart sendt rundt påmelding til juleavslutninga, 16.12.19

Den nyvalde ordføraren i Hareid, Bernt Brandal skulle stå for programmet denne mandagen, men måtte dessverre avlyse på grunn av eit anna oppdrag.

Programkommiteen vil forsøke igjen over nyttår.

På grunn av avlysinga til ordføraren, vart Karin Svendsen beden om å orientere om stoda til prosjekt 2, på barneheimen i Aintoinette Meo i Chuquibamba, Peru.

Noko ho sporty stilte opp på.

Prosjekt 2 er planlagt til å gjelde Renovering av toalett og dusjrom ved barneheimen.

Dette er sårt tiltrengt, ettersom tilstanden er svært dårlig og uverdig.

17 klubbar i vårt distrikt er spurde om å vere med på prosjektet, og tidlegare lokal Rotary president Daniel Monge har sagt seg villig til å leie prosjektet gjennom renoveringen.

Dette er ein stor fordel sidan han også leia prosjekt 1, på ein svært tillitsvekkande måte.

Budsjettet for prosjektet er kr 220.000.

Barneheim-organisasjonen Mama Clara, med leiar Erna Rogne, er saman med Hareid Rotaryklubb og Rotary klubben som Daniel Monge i Peru tilhøyer, hovudaktørane i prosjektet.

Det blei vist bilete som klart synte behovet for oppgradering.

Frå forsamlinga vart det oppmoda om at nokon måtte få ansvar for stell og vedlikehald, og at nødvendig utstyr og verktøy måtte stillast til rådvelde.

Referat frå Rotarymøte 9. desember 2019.

Denne mandagen var vi på bedriftsbesøk hos Kleven Verft, saman med Ulstein Rotaryklubb.

Grunnen til besøket på Kleven denne gongen var at Hurtigruteskipet M/S Fritjof Nansen nærmar seg overlevering.

Då vi kom til verftet vart vi registrerte og utrusta med nødvendig verneutsyr.

Forsamlinga blei delt i to, der den eine vart med personalleiar Magne Gurskevik og den andre gruppa fylgte prosjektleiar Asbjørn Vattøy.

Gruppe 1 med Magne Gurskevik vart viste til bedriftsmuseet, medan gruppe 2 med Asbjørn Vattøy, gjekk ombord i hurtigruta for omvising.

I bedriftmuseet fortalte Magne Gurskevik litt om historia til Kleven Verft, frå ein forsiktig start i 1939, då gunderen Marius Kleven bygde den første smia i heimefjøra, og fram til dagens verft.

Verftsindustrien har alltid svinga med konjunkturane, noko som har ført til mange opp og nedturar for verftet.

Det første nybygget ved Kleven Verft var fiskebåten M/S Gollenes, som fekk byggenummer 1.

Sidan har det blitt bygd mange nye båtar og skip ved verftet, av forskjellig type.

Fiskebåtar, lastebåtar, tankbåtar, elvebåtar, offshorebåtar av mange slag og no er hurtigruteskipet M/S Fritjof Nansen nesten klar for overlevering, med byggenummer 401.

Kleven Verft var eigd av Kleven familien til 1990, då verftet blei selt til Kværner.

I 1999 vart Kleven kjøpt tilbake til familien og andre lokale investorar, frå Kværner.

I 2001 fusjonerer Kleven Verft med Myklebust Mek. Verksted og får konsernnavnet Kleven Maritime.

I 2007 vart det gjort eit oppkjøpsforsøk, der Kleven familien brukar forkjøpsretten sin, og blir sittande med 90 % av aksjane i Kleven Maritime.

I 2015 feirar konsernet hundre år, ettersom Myklebust Mek. Verksted vart grunnlagt i 1915.

Til liks med mange andre verft i Noreg ramma oljeprisfallet i 2014 Kleven Maritime hardt.

Etter lange og vanskelige forhandlingar vart Kleven Verft overteke av Hurtigruten, medan Myklebust Verft vart utskilt og fekk mange nye eigalar, der også Klevenfamilien er med.

Hurtigruten ynskjer å selje verftet, og i skrivande stund er det stor usikkerheit kring verftet, men håpet om ny eigar og vidare drift er absolutt tilstades.

Etter avslutta fortelling frå Magne, og omvisinga ombord, skifta gruppene posisjon.

M/S Fritjof Nansen er søsterskip av M/S Roald Amundsen som blei levert frå verftet for omlag eit år sidan.

Begge skipa er bygde med isklasse og utrusta for drift i Arktis og Antarktis, og er tenkt brukt i ekspedisjon- og crucicemarknaden. (Ikkje i rutefart langs Norskekysten)

M/S Roald Amundsen har sidan den vart levert vore på Svalbard, Grønland og gjennom Nordvest passasjen og ned langs Nord- og Sør Amerika og til Antarktis, og tilbakemeldingane frå skipet er gode.

Skipa er vidare utrusta med høg standard når det gjeld innreiing, som lugarar, fellesområder og restaurasjon.

Skipa er også bygde etter ein miljøstandard som tek sikte på å sette eit så lite miljøavtrykk som råd

Vi takkar Kleven for at vi fekk kome på besøk, og ynskjer dei lukke til med omstilling og vonar verftet får inn ein nye og framtdsretta eigarar.



Personalleiar Magne Gurskevik fotografert på bedriftsmuseet på Kleven.

Referat frå Rotarymøte 16. desember 2019, Juleavslutting .

Mandag 16. desember var det juleavslutting, med festpynta lokale, lutefisk til middag og nyepresten i Hareid, Lars Hartig-Tangedal, som gjest.

Det var også høve til å ha med følge, som nokre nytta seg av.

Før sjølve festen tok til orienterte klubbmmedlem Idar Flø festlyden om eit gledelig støttebeløp på kr 7 373 000 frå Forskningsrådet, til ei Hareid basert gruppering.

Grupperinga består av Hareid Næringsforum, Vekst i Hareid i nært samarbeid med NCMC, HG, Ulmatec, Dimo, MT og Myklebust verft.

Støtta er knytt til forskningsaktivitetar frå dei forskjellige bedriftene inn mot tenester og utstyr i samband med uttesting av autonome skip og anna framtidig bruk av havrommet.

Leiar i utvekslingskomiteen, Jan Håvard Nytun orienterte forsamlinga om at klubben kunne få ein utvekslingsstudent til neste år.

Skuleeleven Anders Huttner Pilskog ved Ulstein VGS yngste seg til Storbritania neste år, og lurte på om Rotary kunne bidra.

Dette vil Hareid Rotary ta tak i, å forsøke å få det til. i tett samarbeid med Anders og foreldra.

Etter dette vart det middag, som smakte godt.

Stor takk til festkomiteen som hadde pynta, kokt og servert.

Til slutt avslutta vi med å høre presten Lars Hating-Tangedal lese frå eit julefeste frå Stavanger / Rogaland, anno forrige århundre.

Så var samlinga over og vi yngste kvarande ei rettelig God Jul !